

- Som bønder i Sande er vi glade i yrket vårt og stolte av næringa. Det er meningsfullt og krevande å produsere landbruksvarer i vår vakre natur i høgkostlandet Norge. Næringa er synleg med store bygningar, med husdyr og jorder, skog og utmark. Bøndene utviklar stadig sine driftsmåtar. Produksjonen pr sysselsett auker 6 prosent årleg, det er på line med norsk oljeverksemd og storeksportøren USA. – For unge er difor landbruket ei spennande og meningsfull næring å gå inn i med store krav til arbeidslyst og allsidig fagkompetanse. **Rekruttering, økonomi og miljø** er hovudmåla for landbruket i Sande.

- Veit du dette om landbruket i Sande:

I 2019 var det **28 gardsbruk i drift** i Sande (90 bruk i år 2000) med **gjennomsnittleg dyrka areal på 207 dekar** (121 dekar i år 2000).

Kvart årsverk i landbruket skaper ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytande verksemdar.

Det vert utført flest årsverk i mjølkeproduksjon på storfe og i sauehaldet. I Sande har **11 gardsbruk produksjon av storfekjøtt**, av desse 7 mjølkebruk. Det er 23 sauebruk og 3 bruk med ammekyr i kommunen.

Bønder driv i tillegg andre produksjonar, næring innan skogbruk, turisme, jakt og fiske, Bøen Gard med Inn på Tunet, vidareforedling og sal av gardsmat.

Sande kommune har landbruksforvaltning.

I Sande er det bedrifter og maskinfirma innan landbruket.

Det er dei siste åra bygd nye fjøs.

Samla er **husdyrhaldet i Sande ein buskap** på 90 mjølkekyr, 300 ammekyr/andre storfe og 3.500 sau og lam.

Det vert dyrka vel **5.800 dekar jordbruksareal** (10.900 dekar i år 2000), mest gras til fôr og beite.

Vidare er det **5.300 dekar produktivt skogareal** med furu, gran og lauvtre.

Spesialisert produksjon, stor omsetnad og stadig ny satsing

Matproduksjonen og råvarer frå jordbruket i Sande hadde i 2010 (tal frå NILF) ein **salsomsetnad på 18,9 millionar kroner** i året.

Av dette hadde mjølkebruka inkl. kjøtproduksjon 60 prosent av omsetnaden, sauehaldet 26 prosent og ammekyr 13 prosent.

Det allsidige landbruket i Sande skaper i tillegg verdiar frå produksjonar med andre dyreslag, bønder arbeider med tilleggsnæringar, brøyting av vegar og i skogen, og det er hestehald i kommunen.

I 2019 vart det produsert **600.000 liter kumjølkk frå 7 mjølkebruk** (1,7 mill. liter og 26 mjølkebruk i år 2000). Dette tilsvarar årsforbruket av drikkemjølkk, ost og andre meieriprodukt til vel 2.000 personar. Gjennomsnittleg har mjølkebruka 13 kyr og leverer årleg 86.100 liter mjølkk (13 kyr og 59.200. liter i år 2000)

I 2019 vart det produsert vel **67.000 kg kjøtt** i Sande, av dette vel 31.000 kilo storfekjøtt, 15.000 kilo svinekjøtt og 21.000 kilo sauekjøtt. Kjøttproduksjonen tilsvarar årsforbruket av kjøtt til vel 1.000 personar, eller mange av befolkninga i kommunen.

Vårt lokale landbruk er ein del av nasjonal og internasjonal matproduksjon

Bøndene i Sande er medeigarar i dei store nasjonale industribedriftene Tine og Nortura – Gilde. Næringsmiddelindustrien er landets største industrisektor. I tillegg kjem tømmerforedling.

Landbruksnæringa si hovudoppgåve er å forsyne heile landet med norske matvarer året rundt til stabile prisar. Norsk matproduksjonen skal aukast med 20 prosent dei neste 20 åra i takt med befolkningsauken på 1 million menneske. Vi produserer i dag berre halve kaloriforbruket vårt. Matimporten aukar veldig raskt i Norge, liksom i Sverige, mellom anna av storfekjøtt og dels mjølkeprodukt. – Auka import sikrar ikkje levande bygder og kulturlandskapet på Nordvestlandet.

Norge har krevande natur og klima for matproduksjon utandørs. Dei fleste land vi samanliknar oss med har ein politikk for matforsyning. Liksom på mange andre politikkområde har Norge sin eigen modell for nasjonal landbrukspolitikk. Importvernet overfor land med gunstigare vilkår og lågare kostnadar er avgjerande for å oppretthalde matproduksjon over heile landet

Bonden og landbruksnæringa i Sande gir Mat, Miljø og levande Bygder



- Kvifor aktivt landbruk i Norge?

- lokal norsk mat året rundt i heile landet til nokså lik pris
- velstelte bygder med kulturlandskap og husdyr
- miljøverdiar, kulturverdiar og tradisjonsberarar
- lokal busetting og verdiskaping med store ringverknader

Mai 2020



NORGES BONDELAG



Landbruket i Sande

- * 28 bruk i drift, av desse 11 med storfekjøt
- * 7 mjølkebruk og 23 sauebruk
- * Kultur- og kystlandskap av verdsformat
- * Det aktive landbruket gir ringverknader for arbeidsplassar og omsetnad i kommunen



(Vanylven Bondelag dekker kommunane **Sande** og Vanylven).